

# Valprogram 2023-2027

- 1) Dei folkevalde må setje dagsorden for dei politiske sakene, minske byråkrati og arbeide for ein effektiv organisasjon.
- 2) Arbeide aktivt for etablering av nye arbeidsplassar og legge til rette for næringsverksemd.
- 3) Arbeide for byggeklare tomter og god infrastruktur i heile kommunen.
- 4) Folkelista har sikra gode 1-7-skular i alle krinsar, og det skal vi halde fram med.
- 5) Hareid skal oppretthalde dagens barnehagestruktur og arbeide for fleire gode kommunale barnehageplassar.
- 6) Halde ein høg standard innan pleie- og omsorgsområda.
- 7) Vi ser til at kommunen overheld ansvaret sitt for vedlikehald og drift i kyrkje- og livssynsarbeid.
- 8) Ved all arealdisponering skal omsynet til landbruk vege tungt.
- 9) Ungdomsarbeidet, kultur- og miljøskapande arbeid skal framleis vere ei viktig sak. God kulturbygging startar med born og unge.
- 10) Hareid ungdomsskule skal anten renoverast og byggast ut, eller det skal byggast ny.
- 11) Folkelista vil halde fram arbeidet for kulturhus/fleirbrukshus i Hareid sentrum.
- 12) Vegen gjennom Hareidsdalen og Hjørungavågvegen må sikrast.
- 13) Vi vil halde fram arbeidet for ein akseptabel vegstandard på dei kommunale vegane, og legge til rette for mjuke trafikantar.
- 14) Eigedomsskatten ser vi ikkje på som ei permanent inntekt, og Folkelista vil arbeide for at den vert redusert og fjerna. Der er andre måtar å balansere inntekter og utgifter på enn eigedomsskatten.
- 15) Vi skal ikkje ha utplassering av vindturbinar i kommunen vår. Folkelista vil arbeide for gode løysingar i natur- og miljøspørsmål.
- 16) Folkelista er ein pådrivar i å utvikle Hareid som ein sjølvstendig kommune. Hareid skal vere eigen kommune også i framtida

# Programmet

Folkelista har no, som ved tidlegare val, utarbeidd eit kort og tydeleg program. Politikken vår har dei siste seksten åra vore nøktern og ansvarleg, men han har hatt ein tydeleg profil. Det skal vi halde fram med.

Vi må halde på særpreget til Hareid kommune med levande bygdelag og eit sterkt sentrum.

Mange er opptekne av omdømet til kommunen. Vi meiner at kommunen først og fremst skaper eit godt omdøme ved å samarbeide, unngå indre strid og omtale kvarandre og kommunen i gode ordelag.

Mange kommunar er i ein vanskeleg økonomisk situasjon som krev svært sparsommeleg drift. Då er det ekstra viktig at primær oppgåvene ligg i botnen av alle økonomiske prioriteringar. Like viktig som å halde dei kommunale utgiftene nede, er det å skape inntekter til kommunen. Ein må difor ha fokus på dei behova næringslivet har.

På den måten kan ein kome det i møte og legge grunnlaget for etablering og sikring av arbeidsplassar.

Vi vil halde fram arbeidet for å få redusert eigedomsskatten og kommunale avgifter.

Folkelista vil gjennom breiast mogleg samarbeid vere med på å sikre ei god framtid for Hareid kommune der dei nemnde momenta er viktige ingrediensar.

[www.folkelista.no](http://www.folkelista.no)

## Stø kurs!

# FOLKELISTA

## for Hareid kommune



Kommunevalprogram  
2023-2027

# Folkelista for Hareid kommune 2023-2027



Bernt Brandal



Ranja Dimmen  
Alme



Kjetil Nesset



Annika Hove



Kristian Fuglseth



Einar Jarle  
Måseide



Anja Merete  
Nykrem Korshaug



Pravin Selva



Thor Ove Rekdal  
Nedrelid



Linn Wingsternes



Kristine Utgård  
Rolfsrud




Trine Rætta



Ivar Karl Liaset



Jeanette  
Klungsøy



Joachim Martin  
Moldskred



Bjørg Kari Bakke  
Holstad



Per Ivar Solheim



Øyvind Grimstad  
Gryt



Inger Lilleås  
Brandal



Øystein Liavåg



Daniel Teigene



Kristine Hareide



Stian Dyrvik



Hogne Grimstad



Gunn-Bente  
Drevland



Anne Berit  
Hjørungdal



Magne Johan  
Larsen

Folkelista er samansett av samfunnsengasjerte personar frå alle krinsane og heile det politiske spekteret. Vi har som mål å arbeide til det beste for Hareid kommune.

Folkelista er eit alternativ til dei etablerte partia. Vi lovar ikkje gull og grønne skogar, men vil føre ein nøktern og ansvarleg politikk. Dette krev god styring og effektiv drift.

Med Folkelista sin ordførar har det vore ført ein samlande politikk som har gitt ansvarleg økonomisk styring og samrøystes budsjettvedtak.

Sjølve berebjelken i programmet er at ein skal arbeide for levande, likeverdige krinsar, som ikkje på noko vis skal setjast opp mot kvarandre.

Levedyktige bygdekrinsar gjev ein livskraftig sentrumskrins og ein sterk kommune. I siste periode har sentrum utvikla seg på ein god måte. Vi vil halde fram med den positive utviklinga som heile kommunen kan nyte godt av både når det gjeld kultur, bustad- og næringsutvikling og ikkje minst fleire arbeidsplassar.

Kommunen vår treng både arbeidskraft og tilflyttarar, så vi må vere ein ja-kommune slik at folk vil kome til oss. Då må vi drive både samfunnsutvikling og sikre eit trygt nettverk rundt enkeltmenneske gjennom å prioritere barnehagar, skular, helse og velferd. Desse skal ligge i botnen for alle økonomiske prioriteringar. Folk i kommunen skal sleppe å få eit inntrykk av at basisfunksjonane gradvis smuldrar bort.

Vi vil arbeide for at alle innbyggjarane i kommunen skal bli høyrde. Einskildmennesket skal ikkje kjenne seg overkøyrd av byråkratiet eller av det politiske systemet.

Folkelista vil i samarbeid med innbyggjarane, tilsette i kommunen og andre folkevalde arbeide for ein stø politisk kurs.

*For å få dette til, treng vi DI støtte til det beste for kommunen.*

[www.folkelista.no](http://www.folkelista.no)